

A large, lattice-structured steel tower for a high-voltage power line, standing on a grassy hillside. In the background, there are snow-capped mountains under a blue sky with light clouds. Other similar towers are visible in the distance. In the bottom right corner, there is a decorative graphic of five orange dots arranged in a vertical line.

INFORMASJON FRÅ STATNETT

om ny 420 kV-leidning Sima – Samnanger

November 2010



*Fotomontasje av spennet over
Osafjorden sett frå Osa.
Foto: Statnett SF. Visualisering
av leidning: Asplan Viak AS*

FAKTA OM SIMA – SAMNANGER

Derfor er det behov for ny kraftledning mellom Sima og Samnanger

Denne brosjyren gir informasjon om utbygginga av luftledningen mellom Sima og Samnanger og baserer seg på konsesjonen som vart gitt av Olje- og energidepartementet i juli 2010. Departementet har i etterkant starta arbeidet med ei fornya vurdering av sjøkabel som alternativ til luftspenn på delar av strekninga. Ei avklaring av dette vil etter planen skje i februar 2011.

I påvente av endeleg avgjerd sette Statnett i oktober 2010 i gang bygginga av luftledning på strekninga mellom Børdalen i Samnanger og Mødalen på Kvamskogen. Dette er den delen av strekninga mellom Sima og Samnanger som uansett skal byggjast som luftledning.

Straumforsyninga inn til delar av Hordaland med Bergen er svært sårbar. Det går i dag berre to ledningar inn mot området: ein frå Sunnhordland og ein frå Sogn. Gjennom kalde og tørre vintrar, slik som vinteren 2009/2010, tilfredsstiller ikkje strauforsyninga til dette området dei standardane som det er vanleg å leggje til grunn i vestlege land.

I løpet av dei tre første månadene i år hadde dette området over 1300 timar med uakseptabel låg forsyningstryggleik.

Ein enkelt feil i forsyningssystemet ville ha slått ut strauforsyninga for opp til om lag 200 000 innbyggjarar i desse timane. Med bakgrunn i statistikk over feil anslår Statnett at det var om lag 50 prosent sannsynleg at det vil komme eit slikt straubrot. Det meiner Statnett, som har ansvaret for å sikre at alle har sikker tilgang til straum, er ein situasjon som ikkje er haldbar.

Sima – Samnanger-leidningen vil gi høg overføringskapasitet, blir fleksibel mot framtidige forbruksendringar og gir rom for vedlikehald og seinare ombygging av eksisterande ledningar. Leidningen vil også gi auka kapasitet ut av Hordaland i sommarhalvåret, slik at det blir mogleg å realisere planar om ny fornybar produksjon.

Statnett har gjort fleire utrekningar av behovet for 420 kV-leidningen Sima – Samnanger, mellom anna med omsyn til planlagd forbruksutvikling på Kollsnes og auka kraftproduksjon i området som følgje av Energiverk Mongstad. Ingen andre tiltak, eksterne eller i nettet, vil aleine kunne fjerne sannsynet for nettsamanbrot ved spesielle feil. Det er dessutan sannsynleg at det vil bli ein auke i forbruket – ut over det som alt er rekna ut.

HER VIL EIN LUFTLEIDNING GÅ

Eit samband som er bygd som luftleidning, vil gå frå Simadal i Eidfjord kommune til Samnanger, via Ulvik, Granvin og Kvam herad. Leidningen vil følgje to eksisterande 420 kV-leidningar frå Sima transformatorstasjon i Eidfjord kommune og passere 300 – 400 meter aust for Kjeåsen. Etter Langvatnet går denne leidningen vidare vestover og ikkje lenger parallelt med dei to andre leidningane. Leidningen går ned mot Osa og kryssar den inste delen av Osafjorden, slik at han ikkje skal gå gjennom området med hus i Osa.

Leidningen går så bort frå fjorden og passerer nord for Ulvik sentrum, slik at han blir lite synleg frå fjorden og Ulvik sentrum. Etter å ha passert Fuglevatnet og Stokkseldalen går leidningen vidare mot Granvinsfjorden. Han kryssar

Granvinsfjorden for å unngå nærføring til hus, støls- og hytteområde, friluftsområde og skogareal.

Etter fjordkryssinga går leidningen opp og bort frå husa ved fjorden og passerer nord for Folkedal og Kvamdalen. Med unntak av fjordspennet vil leidningen bli lite synleg frå fjorden og områda der det bur folk i kommunen.

I Kvam herad går leidnings-traseen vidare på fjellet nord for Ålvik inn mot Bjølsegrøvatnet, som er regulert på grunn av kraftutbygging. Leidningen kryssar Fykkesund nord for Klyve og går vidare nord for Øystese, kryssar Fitjadalen og passerer Sjusete. Leidningen kryssar Riksveg 7 ved Tokagjelet og følgjer den eksisterande 132 kV-leidningen vidare over Kvamskogen til Samnanger transformatorstasjon i Børdalen.

PLANLEGGINGS- OG KONSESJONS- PROSESSEN – EIT TILBAKEBLIKK

- ▶ Forprosjektrapport med vurderingar av alternative løysingar for eit nytt samband inn til BKK-området i 2004
- ▶ Oppdatert systemgrunningving og oversending av melding til NVE i 2005
 - ▶ Melding med utkast til utgreiingsprogram på offentleg høyring
- ▶ Oppdatert systemgrunningving og oversending av konsesjonssøknad til NVE i 2006
 - ▶ Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing på offentleg høyring
- ▶ Oppdatert systemgrunningving årsskiftet 2006/2007
- ▶ Tilleggsutgreiing og tilleggsøknad i 2007
- ▶ Oppdatert systemgrunningving i 2007
- ▶ Konsesjonsvedtak frå NVE i 2008
- ▶ Endeleg konsesjon frå Olje- og energidepartementet i 2010
- ▶ Regjeringa vedtok ny uavhengig gjennomgang av sjøkabelalternativet i 2010 og utnemnde fire utval til å stå for dette arbeidet. Dei regjeringsutnemnde utvala skal ha rapportane sine klare i februar 2011
- ▶ Anleggstart på strekninga mellom Samnanger og Mødalen på Kvamskogen, altså den delen som er identisk for luftleidnings- og sjøkabelalternativ, i 2010
- ▶ Mål om ferdigstilling av overføringssambandet dersom det skal byggjast som luftleidning, er 2012



SPØRSMÅL OG SVAR OM SIMA–SAMNANGER

1. Kvifor er det behov for eit nytt overføringssamband mellom Sima og Samnanger?

Straumforsyninga inn til delar av Hordaland med Bergen er svært sårbar. Det går i dag berre to leidningar inn mot området: ein frå Sunnhordland og ein frå Sogn. Dersom det skulle bli ein feil på ein av leidningane – eller på anlegg som er viktige for desse leidningane – er det stor fare for at fleire titals tusen menneske mister straumen. Sist vinter var det til saman to månader (58 døgn) der straumforsyninga var svært utsett. Statistisk sett var det da 50 % sannsyn for slik forbruksutkopling. Det meiner Statnett, som har ansvaret for å sikre at alle har sikker tilgang til straum, er ein situasjon som ikkje er haldbar.

2. Kvifor har ikkje Statnett søkt om å få byggje ei sjøkabeløysing?

Statnett har søkt konsesjon på ei løysing som ligg innanfor dei retningslinjene styresmaktene har sett. Statnett skal sikre kraftforsyninga gjennom eit nett med tilfredsstillande kapasitet og kvalitet, og utbyggingane skal vere samfunnsøkonomisk lønnsame. Statnett utgreidde sjøkabelalternativ som del av konsekvensutgreiingsprogrammet for Sima – Samnanger. Utgreiinga og erfaringa vår tilseier at dette alternativet ligg utanfor rammene våre. Ei sjøkabeløysing inneber høge kostnader og utfordringar i samband med forsyningstryggleiken på grunn av risikoen for lange reparasjonstider. I tillegg påverkar sjøkablar systemmessige forhold. Stortinget har teke stilling til spørsmålet om luftleidning og kablar, og konklusjonen i gjeldande retningslinjer

er at leidningar på dette spenningsnivået normalt skal byggjast som luftleidningar.

3. Kvifor set Statnett i gang med å byggje leidning før det er avgjort kva løysing som blir vald?

Statnetts jobb er å sørje for at forsyningstryggleiken blir vareteken. Situasjonen i Bergen er uakseptabel, og vi er derfor glad for at regjeringa vedtok anleggsstart hausten 2010. Mens vi ventar på ei endeleg avgjerd, startar vi arbeidet på den delen av strekinga som blir identisk for både luft- og sjøalternativet. Dette gjeld om lag 10 km med oppstart i Samnanger.

Same kva løysing ein vel, vil Statnett vere ansvarleg for utbygginga. For å sikre minst mogleg forseinkingar førebur vi derfor begge alternativa. Samstundes med bygginga av leidningen mellom





Fotomontasje av leidning sett
frå Klyve (Simlenuten midt i bildet).
Foto: Statnett SF. Visualisering
av leidning: Asplan Viak AS

Samnanger og Mødalen på Kvamskogen, gjennomfører vi undersøkingar av sjøbotnen i Hardangerfjorden.

4. Kva skjer no framover med utbygginga i Hardanger?

Olje- og energidepartementet (OED) har sett ned fire utval som skal stå for ein uavhengig gjennomgang av eit sjøkabelalternativ for deler av strekninga. Utvala skal levere innstillingane sine innan 1. februar 2011.

Statnett bruker hausten til å gjennomføre tiltak som skal sikre at utsetjinga av kraftlinja i Hardanger blir minimal, uavhengig av kva løysingar og trasear som blir vedtekne i februar. Derfor sette Statnett i oktober i gang med å bygge luftleidning langs ein trasé på 10 km mellom Samnanger og Mødalen på Kvamskogen. Dette er den delen av strekninga som uansett skal byggjast med luftleidning. Samstundes blir det lagt til rette for å flytte den eksisterande 300 kV-leidningen Mauranger – Samnanger mellom Mø-

dalen på Kvamskogen og Samnanger. Denne leidningen vil gå parallelt med den planlagde 420 kV-leidningen, slik det går fram av konsesjonsvedtaket.

5. Kvifor gjennomfører Statnett undersøkingar av sjøbotnen i Hardangerfjorden?

Statnett førebur seg både på leidning og sjøkablar i Hardanger. Samstundes med at leidningen mellom Samnanger og Mødalen på Kvamskogen blir bygd, set Statnett i gang undersøkingar av sjøbotnen i Hardangerfjorden. Vi ønskjer å vere budde på ein rask byggjearbeid same kva for ei løysing som blir vald for det planlagde overførings sambandet. Resultata frå desse undersøkingane vil bli offentleg tilgjengelege.

6. I kor stor grad vil ein luftleidning komme inn på inngrepsfrie område?

Luftleidningen mellom Sima og Samnanger er planlagt slik at han i svært liten grad kjem i konflikt med

inngrepsfrie område. Han går i stor grad nær vegar, oppdemde vatn, andre leidningar osv. Inngrepsfrie område er definerte ut frå kor langt det er til tekniske inngrep, som vegar, luftleidningar, hus osv., og på karta over inngrepsfrie område, såkalla INON-kart, skil ein mellom område som er frå 3 til 5 km frå næraste inngrep. Leidningen fører ikkje til nokon reduksjon av inngrepsfrie område i kategorien meir enn 5 km til næraste inngrep. Reduksjonen av område med frå 3 til 5 km til tekniske inngrep er liten (0,56 km²).

7. Vil bygging av ein luftleidning få negative følgjer for dyre- og fuglelivet?

Gjennom konsesjonsprosessen kartlegg ein grundig slik at leidningen skal få så små konsekvensar som råd. Alle inngrep inneber likevel ein del konsekvensar for dyre- og fuglelivet. Døme på tiltak kan vere tilpassing av traseen og merking av liner for å unngå kollisjon. I etterkant av konsekvensutgreiinga





Fotomontasje av kryssingen av
Granvinsfjorden sett frå Granvin.
Foto: Statnett SF. Visualisering
av leidning: Asplan Viak AS

har Statnett utført ornitologiske undersøkingar både i 2009 og 2010 for å kunne ta nødvendige omsyn i samband med anleggsarbeidet.

8. Korleis vil lokalsamfunna merke utbygginga?

Under anleggsperioden vil lokalsamfunna oppleve betydeleg større aktivitet. Det vil vere anleggsarbeidarar som treng overnatting og mat, og det vil vere behov for mellom anna transporttenester, drivstoff, maskintenester, fyllmassar osv. Auka aktivitet vil ein også merke gjennom helikoptertrafikk og transport på vegnettet.

9. Vil luftleidningen bli synleg frå Hardangerfjorden?

I den konsesjonsgitte traseen er leidningen på fleire stader trekt godt inn i landet og vil over lange strekningar ikkje vere synleg frå sjølv Hardangerfjorden. På prosjektsida for Sima – Samnanger ser ein tydeleg kvar leidningen vil bli synleg frå fjorden. Sjå www.statnett.no.

Det enklaste og mest effektive tiltaket for å gjere leidningen mindre synleg har vore traséjusteringar. Under planlegginga av ein ny luftleidning vurderer ein alltid fleire alternativ for å finne dei beste løysingane. Døme på tiltak kan vere kamuflering av liner, master og isolatorar.

10. Kva alternativ finst det til utbygginga av luftleidningen, og kvifor er ingen av dei aktuelle?

Sima – Samnanger vil bli eit nytt overførings samband inn til Bergensregionen. Statnett vurderer at Sima – Samnanger er den beste løysinga med tanke på sikker straumforsyning og også for det totale norske kraftsystemet. Leidningen gjennom Sima vil knyte heile regionen til eit sterkt nett som går vidare til Hallingdal og resten av sentralnettet. Dermed blir regionen koplata tettare til sentralnettet og vil både medverke til og nytte godt av kapasiteten i dette. Leidningen er også gunstig for andre samband. Han gir betre fleksibilitet og bidreg til ein

kapasitetsauke i det totale nettet som ingen av alternativa kan oppnå.

Ut frå drifta av det norske kraftsystemet er det i tillegg gunstig å få ei sterkare kopling mellom nettet i Simaområdet og leidningsnettet ved Ulla – Førre (i Rogaland).

Sima – Samnanger gir etablering av 420 kV spenningsnivå i Samnanger stasjon og legg til rette for ombygging av andre leidningar frå 300 kV til 420 kV. Leidningen er også nyttig for ny fornybar kraftproduksjon som er planlagt i Sogn og Fjordane.

Alternative leidningsforsterkingar: Sauda – Samnanger og Åsen – Samnanger

Ingen nye luftleidningar er heilt fri for konflikter. Sjølv om vi i 2004 såg at Sima – Samnanger ville føre til inngrep i naturen, såg vi også konflikter som er knytte til dei andre alternativa. Til dømes ville både





Fotomontasje av kryssingen ved utløpet av Fitjadalsvatnet, fra Heiane i øst mot Nystøl i vest, sett fra Kvannvik.

Foto: Statnett SF. Visualisering av ledning: Asplan Viak AS

Sauda – Samnanger og Åsen – Samnanger på stader komme nær område der folk bur, spesielt Sauda – Samnanger. Begge ville også føre med seg fjordspenn, også over Hardangerfjorden i nærleiken av det eksisterande fjordspennet. For Sauda – Samnanger ville det vere snakk om til saman tre fjordspenn og for Åsen – Samnanger to. Dersom Sauda – Samnanger skulle gå ved sida av den eksisterande leidningen heile vegen, ville han krysse alléen til Baroniet Rosendal. Åsen – Samnanger ville vere eit teknisk komplisert prosjekt med mellom anna kabelføring under Folgefonna. I og med at desse alternativa for ein stor del ville føre til at ein måtte byggje ved sida av den eksisterande leidningen, vil dei innebære litt større risiko for omfattande straumbrot. Parallellføringa ville gjort dei eksponerte for samtidige utfall på grunn av storm, ras eller liknande. Ved ei parallellføring frå Sauda stasjon ville eit utfall av denne stasjonen på vinterstid kunne mørkleggje både det

såkalte BKK-området og Haugesunds-området. Nok ei forsterking sørfrå, som desse alternativa inneber, ville også vere ei dårlegare løysing for det totale kraftsystemet i og med at ein ikkje ville oppnå dei same nytteeffektane som Sima – Samnanger. I tillegg viste forprosjektet at desse alternativa ville bli dyrare.

Alternativ løysing: SVC-anlegg (anlegg for spenningsstøtte)

Ved hjelp av SVC-anlegg kan spenninga i nettet haldast på rett nivå, og dette kan bidra til at ein kan tillate høgare overføring av kraft. Statnett har etablert slike anlegg som ein del av tiltaka for å auke nettkapasiteten og kraftoverføringa til Midt-Noreg. For Hordaland viser utrekningar at eit SVC-anlegg ikkje gir god nok overføringskapasitet til at ein unngår å kople ut forbruk ved kritiske leidningsutfall i periodar med høgt overføringsbehov.

BKK har også sett i verk ei automatisk utkopling av ein reaktor (ein annan spenningsregulerande komponent) på Lille Sotra ved kritiske leidningsutfall (underspenningsvern). Dette gjer at ein minskar ein mogleg kapasitetsauke ved å bruke eit SVC-anlegg i Samnanger.

Alternativ forsterking: spenningsoppgradering

Spenningsoppgradering er eit fornuftig tiltak som Statnett har omfattande planar for i åra framover, også i dette området. Det er likevel ei utfordring at det må vere tilstrekkeleg kapasitet i nettet til at anlegg kan koplust ut for ombygging.

BKK-området er i dag forsynt via to leidningssamband: eitt frå Aurland via Fardal i nord til Evanger og eitt frå Saudal i sør til Samnanger. Om lag 190 km av dei eksisterande leidningane er simplex-leidningar (ei straumførande line per fase) som må rivast og byggjast om til duplex-leidning (to straumførande liner per fase).





Fotomontasje av kryssingen av
Bjølsegrøvatnet.
Foto: Statnett SF. Visualisering
av ledning: Asplan Viak AS

Det gjennomgåande leidningssambandet er høgt utnytta, både sommar og vinter. Om sommaren er det kraftoverskot og behov for kraftoverføring ut av området. Det vil vere vanskeleg å kople ut eksisterande leidningar. Eit optimistisk overslag er maksimalt tre månader per sommarsesong med ei framdrift på 3 km per måned.

I byggjeperiodane vil ei slik spenningsoppgradering føre til ein auke av periodane med sårbar drift. Reint praktisk kan ikkje ei slik oppgradering gjennomførast før det er bygd eit nytt leidningssamband inn til området.

Statnett planlegg på sikt å spenningsoppgradere eksisterande leidningar for å leggje til rette for auka fornybar kraftproduksjon på Vestlandet. Det er ein føresetnad for dette arbeidet at Sima – Samnanger er etablert.

I tillegg til leidningane må transformatorstasjonane byggjast om frå 300 til 420 kV. Slike ombyggingar er tidkrevjande

(minst to til tre år) og fører til lange periodar med dårlegare forsyningstryggleik.

Dessutan ville ei utfordring med berre spenningsoppgradering utan nye samband vere at det framleis berre ville vere to leidningar inn til området.

Alternativ løysing: sjøkabel
Sjå svar under spørsmål 2.

11. Korleis har forbruk og produksjon av kraft utvikla seg i området dei siste åra?

Vi tek utgangspunkt i området som blir forsynt frå Evanger og Samnanger, og bruker desse tala i planlegginga vår:


	2010	2020
Forbruk	9,6 TWh	10,7 TWh
Produksjon ekskl. Mongstad	5,9 TWh	5,9 TWh
Balanse	-3,7 TWh	-4,8 TWh
Balanse inkl. Mongstad		-2,5 TWh

Tala er gjennomsnittstal. Dei varierer frå år til år avhengig av temperatur, konjunktur og tilsig av vatn. Dessutan vil både produksjon og forbruk variere gjennom året. Tilgangen på vatn i kraftverk utan store magasin er gjerne størst om sommaren når forbruket er minst. Krafta må derfor transporterast ut av området på sommaren, noko som aukar behovet for å importere kraft om vinteren. Både hushald og industri har høgt forbruk om vinteren, samstundes som produksjonen internt i BKK-området blir avgrensa av kor mykje vatn som er lagra i magasinane som finst i området. I vintersesongen er det berre Energiverk Mongstad som bidreg med ny produksjon i området, og dei produserer om lag 1,4 TWh frå

oktober og fram til mai. Anna vinterproduksjon kan vere vasskraftverk med magasin, alternativt utviding av eksisterande magasin.

Det er kritisk at leidningsnettet klarer å levere kraft også på dei kaldaste timane på vinteren. I den samanhengen er det interessant å sjå på

korleis maksimalforbruket i Bergensregionen har utvikla seg:



Forbruket dei kaldaste dagane har nærmast dobla seg frå 1988 til 2010.

12. Korleis har straumleveransen til området utvikla seg over tid med tanke på sårbar drift?

Gjennomsnittleg timetal med sårbar drift er knytt til forventta kraftbalanse, altså balansen mellom produksjon og forbruk. Årsaka til at ein kan vente oftare nettsamanbrot i BKK-området, er at periodane med hardt pressa drift vil vare lenger.

BKK-området har mykje eigenproduksjon, men har avgrensa magasin-kapasitet. Dette gjer leveransen meir utsett i år med lite nedbør, lange og kalde vintrar eller ein kombinasjon av begge delar.

I år med lite nedbør vil overførings-behovet inn til området bli høgare enn eksisterande nettkapasitet.

I tillegg kjem periodar med revisjonar og vedlikehald av eksisterande leidningar. I desse periodane er forbruket lågare, men fordi området berre er knytt til hovudnettet via eitt enkelt

leidningssamband, blir leveransen meir sårbar i desse periodane.

13. Kan auka produksjon i regionen erstatte leidningsbygginga mellom Sima og Samnanger?

Alle store endringar både i produksjon og i forbruk påverkar behovet for nye luftleidningar. I denne regionen er det eit stort behov for import av kraft vintertid og eksport av energi sommertid. Auka produksjon i området vil derfor betre situasjonen på vinteren, men forverrar situasjonen på sommaren. Eksisterande sentralnett i området har avgrensa kapasitet, og ny produksjon vil derfor krevje auka kapasitet i nettet.

14. Kva planar er det i regionen for ny kraftproduksjon?

Det ligg føre planar om småkraftverk og vindkraftverk. Dette er produksjon som ikkje kan regulerast etter forbruk, men som produserer straum når det er vatn i elvane, eller når det blæs. På

sommaren ser vi at det i periodar med mykje produksjon ikkje er god nok nettkapasitet til å få ført overskotet ut av området.

15. Korleis blir grunneigarar og andre rettshavarar kompenserte for dei ulempene dei får ved denne luftleidningen?

Statnett tek sikte på å inngå frivillige avtalar med alle grunneigarar og rettshavarar, men vi søker likevel om ekspropriasjon og førehandstiltreding i tilfelle det ikkje skulle bli mogleg å komme fram til semje.

Erstatninga skal i utgangspunktet svare til det varige økonomiske tapet som eigedommen blir påført. Som oftast blir det nytta ei bruksverdiutrekning for å finne dette tapet, etter som denne utrekninga normalt gir grunneigaren den høgaste erstatninga, jamfør ekspropriasjonserstatningslova § 6.





*Fotomontasje av leidningsforingen
sør for Longvotni sett frå vegen
nord for vatnet.*

*Foto: Statnett SF. Visualisering
av leidning: Asplan Viak AS*

Forhold som det blir tilbode erstatning for, kan delast i to hovudkategoriar:

- ▶ Verditap på klausulert eller erverva areal, til dømes grunn- og vente-verdi i skog
- ▶ Ulemper for resteigedom, til dømes ringare utsikt, støy, redusert tomtutnytting, vanskeleggjord skogsdrift og arronderingsulemper for jord- og skogbruk

Det siste punktet kan også gjelde eigedommar som klausuleringsbeltet ikkje får direkte følgjer for.

16. Kor lang blir luftleidningen mellom Sima og Samnanger dersom han blir bygd?

Den luftleidningstraseen Statnett har fått konsesjon av NVE for, er 92,3 km lang.

17. Kor mykje vil overførings-sambandet koste totalt?

Totalt blir kostnaden på rundt éin milliard kroner dersom ein vel luftleidning. Kostnaden ved eit sjøkabel-

alternativ er ikkje rekna ut i detalj, i og med at det alternativet ikkje er ferdig prosjektert. Dersom det blir vekselstraums sjøkablar i Hardangerfjorden og luftleidning frå Kvam til Samnanger, kan kostnadene grovt setjast til fire milliardar kroner.

18. Kven skal byggje leidningen?

Det kroatiske selskapet Dalekovod er leidningsentreprenør for luftleidningen. Dei har også tidlegare bygd leidningar for Statnett, mellom anna den 25 km lange luftleidningen frå Tydal til svenskegrensa. Statnett har svært gode erfaringar med Dalekovod. Vi set høge krav til helse, miljø og tryggleik, noko Dalekovod er godt kjent med.

19. Når skal sambandet stå ferdig?

Dersom ein vel luftleidning, planlegg vi å setje sambandet i drift innan utgangen av 2012. Dersom ein vel ei løysing med sjøkabelanlegg på store delar av strekinga, kjem dette til å skje nokre år seinare, truleg tidlegast i 2018.

KONTAKTPERSONAR

Steinar Bygdås

(prosjektleiar)

Telefon: 23 90 36 42

Mobil: 91 16 40 40

e-post: steinar.bygdas@statnett.no

Irene Meldal

(informasjonsansvarleg)

Telefon: 23 90 34 59

Mobil: 97 50 14 53

e-post: irene.meldal@statnett.no

Nils Petter Kvale

(grunneigarkontakt)

Mobil: 95 93 98 57

e-post: nils.kvale@statnett.no

For meir informasjon: Sjå

statnett.no/prosjekter



*Fotomontasje av ledningen
sett fra Vatnasete i Granvin Herad.
Foto: Statnett SF. Visualisering
av ledning: Asplan Viak AS*



Vi bind Noreg saman

Statnett | Postboks 5192 Majostuen | 0302 Oslo | 23 90 30 00 | firmapost@statnett.no | www.statnett.no

Statnett
Vårt felles kraftnett

Foto: Håkon Tore Sønnerland

Grafisk produksjon og trykk: Molvik | www.mvggrafisk.no